

Får ikkje underskotsgaranti

22.01.2009



Dei to korpsa spelar saman i Rosendal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rosendal skulekorps og Uskedalen skulemusikk har søkt kommunen om underskotsgaranti i samband med sitt neste store prosjekt, også kalla 'Austnes-prosjektet'.

Men underskotsgaranti vil ikkje bli gjeve etter at kulturbudsjettet har vorte barbert med 750.000 kroner og garantien er blant dei postane som er stroke.

Det vil heller ikkje bli innvilga kurs- og skysstønad, men kultursjef Kristian Bringedal seier til uskedalen.no at aktuelle utgifter kan takast med i søknaden om generell driftsstøtte for dette året.

Budsjettet for 'Austnes-prosjektet' endar på 77.900 kroner og av dette utgjer honorarar 46.500 kroner, husleige/overnattning 9.400 kroner og mat under seminar, pynting og anna 12.000 kroner.

På inntektssida reknar dei med 30.000 frå billettsalet og 20.000 frå sponsorar og det vil bli søkt om tilskot frå fleire andre kjelder, til dømes Drømmekonsert NMF, Visjon Vest, Gjensidigestiftelsen, Norsk Kulturråd og Sparebankstiftelsen.

I ein kommentar til at underskotsgaranti er avslege seier Thor Inge Døssland på vegne av dei to korpsa til uskedalen.no at han er både overraska og svært skuffa.

7. januar fekk han ein telefon frå saksbehandlaren på kulturkontoret som bad han fylla ut søknad på det 'offisielle' skjemaet for slike garantiar. Han hadde før jul sendt inn ein førebels søknad.

Vedkommande på kulturkontoret opplyste samtidig at korpsa kom til å få garanti fordi det var att nokre midlar att frå året før. Men saksbehandlaren la til at det ville bli vanskelegare utover i 2009.

- No har vi fått brev om avslag på søknaden. Der blir det, som kultursjefen påpeikar, vist til den vanlege driftsstøtta.

Men det er ei lita trøyst, Denne støtta er sterkt barbert frå før, seier Døssland.

Han er svært skuffa over at det blir gjeve beskjedne kommunale løyvingar til korpsa og i det heile til aktivitetar som kjem barn til gode.

Av Ola Matti Mathisen